

Nysæter kyrkjelyd

# Årsmelding 2024



«Nysæter kyrkje -ein heim for alle, her finn  
me tru, håp og kjærleik i Guds hand»

-Visjon Nysæter kyrkjelyd

2024 har vore eit flott år med mange gode treff og mykje liv i Nysæter kyrkje!

## Nysæter sokneråd frå 01.01.2024 — 31.12.2024.

|                          |                                                        |
|--------------------------|--------------------------------------------------------|
| Sigrid Theodorsen Langøy | Leiar                                                  |
| Heine Kaldefoss          | Nestleiar og representant i Stord kyrkjelege fellesråd |
| Tormod Stautland         | Representant i Stord kyrkjelege fellesråd              |
| Ida Elin Hatlevik Tvedt  |                                                        |
| Guro Betten              |                                                        |
| Bjarne Petterteig        |                                                        |

Vara:

1. Marit Magnussen Romfag
2. Roald Sangolt
3. Wenche Elin Midttun
4. Ingebjørg Råheim Grønsdal (Permisjon frå 10.september 2024)

### Årsmelding Nysæter sokneråd

Det vart ein tøff start på året med beskjed om eit voldsomt kutt i støtten frå kommunen og at Stord kyrkje skulle stengjast vinterstid for å spare pengar. Heldigvis vart det fort funnet andre løysningar og me fekk oppretthalde drifta noelunde. Det har vore eit år med økonomiske sparinger, men og eit år for å finne nye løysningar. Me i soknerådet har vore med på fleire medarbeidersamlingar i stadenfor det som før pleide å bli kalla «døgnet». Me har hatt to gode samlingar med Stord sokneråd og tilsette og føler at me har fått mykje godt ut av samlingane.

Ellers i Nysæter har året gått sin gong med mange av dei faste tiltaka. Kyrkjemiddag, eit samarbeidsprosjekt med Sagvåg bedehus, gudsteneste i gapahuken i Hustrudalen, Fest i Vest gudsteneste og gudsteneste ved Gruvene. Soknerådet kjenner på takknemlighet for godt samarbeid i nærmiljøet.

«Mat og prat» og «Etter skuletid» har vore kvar veke og har gitt mange eit godt møtepunkt i kyrkja. Etter skuletid har blitt godt innarbeida og hadde i løpet av hausten oppmot 50 deltakarar. Dei får komme og bli tatt i mot av flotte frivillige som viser at det vert satt pris på at dei kjem.

Nettverk for unge vaksne i Stord kyrkjene har hatt fleire samlingar både i Nysæter og på kyrkjestova Fredheim. Her møtes ein god gjeng kvar gong i tillegg til at nokon stikker innom ein gong i blant. Det er blitt eit flott fellesskap.

I mars hadde me ein flott basar og kjente på samhold og tilknytning til kyrkja. Det var full kyrkje, god stemning og mykje fine gevinstar.

Puls på livet har hatt fleire gode samlingar med gode aktuelle temaer, personar og flott musikk. Me opplever at dette er eit flott tilbud som mange føler seg velkomne til. Det er mykje kjekt som skjer i Nysæter og året 2024 har vore eit godt år!

For Nysæter sokneråd

Sigrid Theodorsen Langøy

Soknerådsleiar

| NYSÆTER      | 2021   | 2022   | 2023   | 2024   |
|--------------|--------|--------|--------|--------|
| Døypte       | 30     | 28     | 32     | 33     |
| Konfirmerte  | 33     | 26     | 31     | 34     |
| Vigsler      | 2      | 1      | 6      | 2      |
| Gravferd     | 14     | 13     | 22     | 23     |
| Gudstenester | 64     | 56     | 56     | 55     |
| Deltakarar   | 3186   | 4410   | 5192   | 5036   |
| Takkoffer    | 134738 | 184251 | 150698 | 290360 |
| Utmeldingar  | 21     | 14     | 22     | 17     |
| Innmeldingar | 3      | 4      | 4      | 4      |

## Sokneprestens årsrapport for 2024

Eg har no hatt mitt første heile kalenderår som sokneprest i Nysæter sokn, så no har eg fått oversikt over kva som Skjer eller man ønskjer skal Skje i løpet av eit år.

Det vert sagt at gudstenesta er navet i kyrkjelyden. Dei fleste søndags- og heilagdagsgudstenestane er i kyrkja, men fire av dei er i friluft: gapahuken i Hustredalen, Grueparken, Fest i Vest og Jensaneset. Dette året har vi hatt eit par kveldsgudstenester, Oskeonsdagsgudsteneste og Taizemesse, desse er meir tematiske og litt annleis. Vi har skulegudsteneste for alle skulane i bygdane Vår og Stord kristne skule.

1 2024 har det vore gjort mykje godt kyrkjelydsarbeidet av både lønna og ulønna medarbeidarar, noko som viser at vi har ein særskild aktiv kyrkjelyd i Nysæter.

Hausten har vore prega av at vi ikkje har hatt full bemanning, så det har vore naudsynt å prioritera kva som kan gjerast og kva som må venta. Det har vore gjort vurderingar av kva som kunne prioriterast og ikkje, men noko av det som staben vanlegvis har gjort har andre gjennomført. Det er vi takksame for for elles hadde det vore noko mindre aktivitet dette året. Vi er velsigna med gode lønna og ulønna medarbeidarar som brenner for arbeidet og gjer ein framifrå jobb.

Vi kunne ikkje hatt så stor aktivitet i Nysæter kyrkje visst det ikkje var for dei ulønna medarbeidarane, det vitnar om ein kyrkjelyd med brennande engasjement blant folk i kyrkjelyden. Det er mange ting som Skjer i kyrkja som ulønna medarbeidarar driver, mellom anna Puls på livet, Etter skuletid, Ettermiddagskaffi.

Vi har ein levande kyrkjelyd som arbeider for endå meir arbeid for folk i alle aldrar.

Denne hausten har det vore arbeidet med å få søndagsskulen opp å gå igjen, men det blir til våren man set i gong med arbeidet. Den skal drivast av ulønna medarbeidarar som er delt opp i team, så det blir ikkje så mykje på kvar av dei involverte medarbeidarane. Det vil vere slik at under enkelte gudstenester vil det vere søndagsskule. Det vil vere slik at dei som ønskjer å vere på søndagsskule heile tida har moglegheit til det, mens dei som ønskjer å få med seg noko av gudstenesta går på søndagsskule etter gloria og kjem tilbake til nattverden.

11. mars 2025  
Fridleif Lydersen

## Årsmelding for Kyrkjeleg undervisning og læring i Nysæter sokn 2024

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei i namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står» (Matt 28:18-20).

Gjennom kontinuerlege samlingar, enkeltsamlingar og i gudstenester har me gjennom lek, song/musikk, lystenning, bøn og undervisning lært om trua vår og om Jesus, og at han alltid er med oss gjennom livets utfordringar og gleder.

### Tilsette i kyrkjeleg undervisning og læring

Ved starten av 2024 var det tre tilsette i undervisningsavdelinga; Einingsleiar Ingvild Baugstø Almås 100% stilling, Solveig Høyland 100% stilling (70% i undervisningsavdelinga, 30% i diakoniavdelinga) og Solbjørg Hope Angeltveit 100% stilling (70% i undervisningsavdelinga, 30% i diakoniavdelinga). Ingvild slutta i si stilling ved slutten av vårsemesteret, medan

Solveig slutta ved starten av haustsemesteret. Solbjørg vart på haustsemesteret ny einingsleiar for avdelinga og stillinga hennar vart omgjort til å vera 100% i undervisningsavdelinga. Elisabeth Søndena Oma vart på sommaren tilsett i eit vikariat der ho først jobba 20% i undervisningsavdelinga, før dette i november vart auka opp til 40% i avdelinga. I tillegg har Sigrid Theodorsen Langøy bidratt på timebasis i undervisningsavdelinga på hausten, og hatt ansvar for Pølsefest i Nysæter sokn og vore med på éi av konfirmantgruppene i Stord sokn.

### Undervisningsutval

Undervisningsutvalet har i år bg hatt felles møteverksemd for både Stord og Nysæter sokn. Utvalsmedlem frå Nysæter har dette året vore; Guro Betten, Wenche Midttun og Katrine Valvatne Kvernenes. Utvalet har hatt 5 møter i laupet av 2024.

Kontinuerlege tiltak gjennom heile året:

### Babysong (Mat og Prat)

Velfungerande tiltak der det stadig kjem nye innom i laupet av heile semesteret. Totalt 49 babyar med mor/far var innom i laupet av året. Dette er ein oppslutnad på 100%. Fleire har dette året gått på babysong både i Stord og i Nysæter, så dette har nok hatt noko innverknad på den unormalt høge oppslutnaden. Våren var det babysong annakvar veke, medan det på hausten var babysong éin gong i månaden i Nysæter kyrkje. Etter babysong har det vore servert gratis lunsj på det diakonale tiltaket Mat & Prat, som har vore kvar tysdag både på våren og hausten.

### Pølsefest

Eit populært tiltak der det kjem mange gode tilbakemeldingar både frå borna og dei føresette som deltek. Her er det musikk- og bibelforteljingsstund, før det vert servert pølser og tid for eigenaktivitetar og frileik etterpå. Det har vore pølsefest éin tysdag i månaden både på vårsemesteret og på haustsemesteret. Totalt 49 born har vore innom pølsefest i laupet av året.

### Konfirmantar

34 konfirmantar vart konfirmerte i soknet den andre helga i mai, og utover hausten vart det etterkvart 37 konfirmantar i det nye kullet. Konfirmantane har hatt samlingar éin gong i månaden både på våren og på hausten. Elles hadde ein fasteaksjonssamlingar for heile konfirmantkullet (inndelt skulevis) ei helg i mars. Det nye konfirmantkullet hadde presentasjonsgudsteneste i august og lysmesse i desember.

T12-15 Her & Der

Fellestiltak for Stord og Nysæter sokn. Det vart kun arrangert Her & Der éin gong i løpet av vårsemesteret. Sidan har tiltaket vore inaktivt.

Enkeltsamlingar i løpet av året:

#### T12 Kode B (vår)

Grunna få påmelde i Nysæter sokn vart dette omgjort til eit samarbeidstiltak mellom dei to sokna. 15 born samlast i Kyrkjestova Fredheim ein februarkveld. Her fekk dei læra meir om Bibelen dei fekk på Lys vaken; kva dette er for ei bok og kva historiar den inneheld.

#### T9 Tårnagent (Vår)

12 agentar bestod agent-kvalifiseringstesten ein torsdagskveld i april og vart tatt opp som Tårnagentar og fekk hjelpa til med å løysa ulike oppdrag i kyrkja. 6 av dei + 1 ekstra agent vart bg med som agentar i gudstenesta den påfølgjande søndagen. På gudstenesta deltok samtlege agentar med ulike oppgåver frå prosesjon, bøn, tekstlesing, lystenning og rørsler til velsigninga. Veldig kjekt med så engasjerte agentar!

#### T6 Førsteklasses (Haust)

Her var det i utgangspunktet tenkt eit liknande tiltak som i fjor ved skulestart for 6-åringane. Dette vart diverre avlyst, til fordel for presentasjonsgudstenester for konfirmantane.

#### T10 Misjon (Haust)

Då ein ikkje hadde kapasitet i stab til å få gjennomført dette tiltaket, gjorde utvalet eit forsøk på å få tak i folk som kunne arrangera dette. Det lot seg diverre ikkje gjera.

#### T4 Fireårsbok (Haust)

I motsetnad til i fjor, då det var unormalt høg oppslutnad her, var det i år på omlag vanleg nivå att (samanlikna med dei seinaste åra) med ein oppslutnad på 41%. Det vart utdelt totalt 11 barnebiblar, der 8 av desse deltok på gudstenesta. Etter gudstenesta var det undretur i dei ulike romma i kyrkja, og det vart populært å få testa ut orgelet saman med kantor.

#### T11 Lys vaken (Haust)

Dette tiltaket vart utsett til 2025 grunna få påmelde.

#### Samarbeid med barnehagar og skular (Haust)

I førjulstida har me hatt barnehagevandringar med alle barnehagane i kommunen og skulegudstenester med alle barne- og ungdomsskulane i kommunen. Her var det stort oppmøte (100% oppmøte på barnehagevandringane i Nysæter sokn) og mange positive tilbakemeldingar frå både born, ungdom og tilsette ved barnehagane og skulane.

#### Oppsummering for 2024

Hausten har vore prega av mykje vakanse i undervisningsavdelinga. Dei avlysingane og reduksjonane som har vore gjort ifht. ulike tiltak er på bakgrunn av dette. Det har vore utfordrande å rekruttera til dei ledige stillingane, og me håpar og ber om at denne situasjonen vil betra seg i 2025. Til slutt ein stor takk til alle dei frivillige medarbeidarane som har vore med å bidrege på ulikt vis til at me har kunna laga til mange fine samlingar med born og unge i soknet vårt dette året. Det har vore til stor hjelp og vert sett utruleg stor pris på!

Solbjørg Hope Angeltveit

Einingsleiar Kyrkjeleg undervisning og læring

## ÅRSMELDING FOR DEN DIAKONALE TENESTA 2024. For Nysæter og Stord sokn.

Diakonitenesta har ein viktig plass i kyrkja vår. Kyrkje vår er Guds kyrkje der vi kvar enkelt, har ein viktig plass. Først av alt til å vere den vi er som menneske, men og for å tena kvarandre slik Gud ønskjer at vi gjer. Vi er Guds born; døypte og i tru på Jesus Kristus som vår Herre og Meister. Så lenge Guds kyrkje lever vil diakonien vera levande.

1.Johannes kap.4, v. 7-11: «Mine Kjære, lat oss elska kvarandre, for kjærleiken er frå Gud, og kvar den som elsker, er fødd av Gud og kjenner Gud. Den som ikkje elsker, har aldri kjent Gud, for Gud er kjærleik. I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han. Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre. Mine kjære, har Gud elska oss så, då skyldar og vi å elska kvarandre».

Diakoni handler om å tena kvarandre i kjærlek. Det handlar om å gje ein hjelpande hand til dei som lid og som treng Guds kjærleik. Diakoni er å tena nesten sin i ord og handling. Året 2024 var eit godt år for den diakonale tenesta både i Nysæter og Stord sokn. Det er fleire diakonale oppgåver/hendingar der menneske kan møtast, der einskilde får hjelp, der kyrkja viser kjærleik både i ord og handling. Diakoniutvalet er eit felles utval for Nysæter og Stord sokn. Utvalet fungerer godt som felles utval med felles tiltak/oppgåver.

Diakoniutvalet hadde følgjande medlemmer i 2024:

Frå Stord: Signe Wiersen Vorland og Runar Isdahl.

Frå Nysæter: Ida Elin Hatlevik Tvedt og Ingebjørg Grønsdal.

Hausten 2024 kom Kjetil Eldøy med i staden for Ingebjørg Grønsdal.

Soknediakon Olaug Gloppen hadde 60% stilling i 2024. Solbjørg Hope Angeltveit og Solveig Høyland var begge tilsette i 30% som diakonimedarbeidarar første halvår 2024. Begge to var i tillegg tilsett i 70% som kyrkjelydspedagogar.

Diakoniutvalet sine tenester i 2024

Delta på møtene i diakoniutvalet, ansvar for open kyrkje i Stord ein gong i månaden, ansvar for å delta på gudsteneste askeonsdag 14.februar i Nysæter kyrkje, vere til stades på døvegudsteneste 14.april i Nysæter kyrkje, diakoniens dag i Stord kyrkje 1.september, minnegudsteneste i Stord kyrkje 3. november, open kyrkje i Nysæter kyrkje i romjul - 29.des. kl.11.00. Soknediakonen har fått hjelp med nokre heimebesøk/ blomehelsingar. Diakoniutvalet viser stort engasjement og glede i tenestene. Det er til god støtte for soknediakonen!

Soknediakonen sine prioriterte oppgåver 2024:

\*Open kyrkje i Stord. Stort sett 1 gong i månaden. Ikkje juni, juli og august.

\*Blomehelsing/ kontakt med etterlatte etter dødsfall.

\*Sorggruppe. Ei sorggruppe avslutta juni 2024 og ei ny gruppe starta hausten 2024.

\*Andaktar på institusjonane. Soknediakonen har hovudansvar for administrering av andaktene på institusjonane og held nokre andaktar sjølv.

\*Nattverdsmøter på Stord sjukeheim. I samarbeid med aktivtør på sjukeheimen, er det nattverdsmøter for bebuarar som ønskjer nattverd. Nokre gonger nattverd på rommet til bebuarar.

\*Soknebud. (Nattverd i heimen)

\*Sjelesorgsamtalar.

\*Oppfølging etter krisesituasjonar.

\*Deltaking på gudstenester. Diakoniens dag, minnegudsteneste, gudsteneste askeonsdag, avskilsgudsteneste til Svein Arne Theodorsen, andre gudstenester. \*Leia og samarbeida med diakoniutvalet i deira oppgåver/tenester.

\*Delta på fagdagar for diakonar i bispedømet.

\*Fellessamlingar for stab, råd og utval for Stord og Nysæter sokn.

\*Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

\*Kontorarbeid. Etter behov og nokre dagar heimekontor.

\*Anna. Diakonens oppgåver er ikkje alltid planlagt i lang tid på førehand.

1 2024 hadde Solbjørg Hope Angeltveit ansvar for «mat og prat» i Nysæter kyrkje. Solveig Høyland hadde våren 2024 ungdomsklubb fredagskveldar på kyrkjestova Fredheim. Solveig slutta i stillinga si i september 2024. Frå 12.aug gjekk Solbjørg over i 100% stilling som kyrkjelydspedagog.

Når ein ser på alt som skjer etter avtalar og er «faste» oppgåver både i Stord og Nysæter sokn, er diakonien levande, mykje skjer for menneske i alle aldersgrupper. Mykje trusopplæring er samanfallande med diakoni. Det meste vi gjer i ord og handling for menneske som treng «ei hand å halda i», er kvardagsdiakoni der menneske møtest. Saman er me ei levande kyrkje, der omsorgen for nesten synleggjer Guds kjærleik og ønskjer for oss alle: nåde og rettferd. Diakoni er «kyrkja si livspust». Då Jesus vaska disiplane sine føter skjærtorsdag, gav Han oss ein veg å gå i møte med kvarandre.

Guds signing over den diakonale tenesta i Stord og Nysæter sokn! Med helsing soknediakon Olaug Irene A. Gloppen.

## Årsmelding 2023 Nysæter kyrkje kyrkjemusikk

Salmesongen i Nysæter kyrkje er i det store og heile god, sjølv når det er relativt få tilstades kling det godt i det gode kyrkerommet. Vilje og haldning til å prøva nye og litt ukjende ting er og bra tilstades slik eg opplever det. Orgelet fungerer bra om enn litt ustemt i nokre register, lite tekniske feil med instrumentet. Orgelet har ettersyn/stemming annakvart år av fagmann frå Bergen. Etterkvart må ein gjerne ha eit totaloversyn på instrumentet der alle deler vert tekne ned og overhald. Dette er jo ein noko større operasjon. Pianoet held og svært bra på stemming etter at luftfuktar vart installert for nokre år sidan. Før dette vart gjort kunne instrumentet bli veldig ustemt, særleg i tørre periodar om vinteren.

Koret Sanctus må og nevast spesielt, dette er ein svært positiv gjeng med eit velfungerande styre. Koret har til og med fått tilsig av nokre nye songarar, så koret er no litt større enn for berre to tre år sidan. Dette er jo gledeleg. Koret sitt største prosjekt i 2024 var nok heilt klart verket «Visst skal våren komme» (E. Skeie/S. Tveit). Dette vart gjennomført i 9. juni i Nysæter kyrkje saman med sopransolist, pianist, fløytist og bassist. Omlag 145 menneske var samla i kyrkja denne junikvelden. Koret var elles med ved korgudsteneste i Stord kyrkje i oktober saman med songarar frå koret Ichtus. Dette var og eit prosjekt koret sette mykje pris på. Sanctus tok elles del ved nokre gudstenester som Oskeonsdag i februar og Taizegudsteneste oktober 2024. Nevnast må jo og at Sanctus er ei god kjelde til forsong ved gudstenester meir generelt. Sanctus øver onsdagkveldar frå 19-21. Konsertar var det og nokre av. I eigen kyrkjeleg regi nevner eg såleis konsert med Bjergsted messingensemble torsdag 4. april. Dette var ei flott oppleving med eit svært godt og ungdommeleg ensemble. Tilhøyrarar var det diverre så som så med.

Julekonserten 3. søndag i advent tek eg og med, denne vart og svært vellukka. Tre kor og tre korps var med og musiserte. 270 menneske var på plass i kyrkja på denne tradisjonsrike konserten. Kyrkja har og vore mykje nytta til utleigekonsertar, både lokale og utabygds krefter (Stordkoret, Stord kulturskule, Sunnhordland kammerorkester, ensemblet SILKE).

Puls på livet er og eit regelmessing opplegg som har inkludert ein god del av musikalsk karakter. Koret Happy nyttar og kyrkja til øvingar annankvar torsdag. Nokre solistar har og vore med ved gudstenester i 2024, t.d. trompetist 3. februar, 1. påskedag, 1. juledag og ved konfirmasjonar. Siste søndag i november var fløytist med og styrka gudstenesta musikalsk. Ved konfirmasjonar tok og songsolist del. Julafuta tok strykarar del ved den eine gudstenesta. Elles prøver eg å få med unge musikarar frå t.d. kulturskulen ved gudstenester i Nysæter kyrkje. I. søndag i advent var såleis tre unge elevar med og spela ved gudstenesta. 14. februar var ein ung og dyktig fiolinist med. Nevnast må og samspel Noah Wibe og underteikna i gudstenesta 14. januar. Alt i alt eit godt år 2024.

Bjarte Aadland



## ÅRSMELDING 2024 - SANCTUS

Styret har i 2024 vore samansett som følgjer:

Randi A. Nysæter vald på årsmøtet i 2024, vald for perioden 2024/2025

Kari Nilsen vald på årsmøtet i 2024, vald for perioden 2024/2025

Arne Fyllingen ikkje på val på årsmøtet i 2024, vald for perioden 2023/2024

Berit Marie Nesse ikkje på val på årsmøtet i 2024, vald for perioden 2023/2024

Bjarte Aadland Dirigent

(I Styret har dirigenten rett til å møta, tala og stilla forslag, og har det overordna musikalske ansvaret.)

Vararepresentantar:

Vararepresentant (ikkje på val på årsmøtet i 2024, vald for perioden 2023/2024): Gunnar Nysæter

Valnemnd (vald for 2024- eitt år om gongen) Ann

Sissel Folkestad og Jens Arne Stautland

Revisor (vald for 2024 - eitt år om gongen) Reinert

Valvatne

I løpet av året 2024 har totalt ca 19 aktive medlemmer delteke på korøvingskveldane. I tillegg har det delteke ekstra songarar og musikarar, på konserten i juni og på julekonserten i desember.

Dirigent for koret er Bjarte Aadland.

Styret har hatt åtte styremøter i 2024:

Det første styremøtet (17.1) omfatta planlegging av årsmøtet, samt aktivitetane for våren, då i hovudsak konserten «Visst skal våren komme».

I neste styremøte (6.3) konstituerte det nye styret seg: Leiar: Randi A. Nysæter, Nestleiar: Kari Nilsen, Kasserar: Arne Fyllingen, Skrivar: Berit Marie Nesse.

I styremøtene i vårsemesteret (10.4, 22.5, 15.5 og 5.6) var tema i hovudsak planlegging av konserten «Visst skal våren komme».

I første styremøte etter ferien (21.8) var tema evaluering av den gjennomførte konserten i juni. I tillegg vart detaljane for haustsemesteret gjennomgått.

I siste styremøtet i 2024 (30.10) var tema planlegging av juleavslutninga og aktivitetar for 2025.

Øvingane har vore i Nysæter yrkje, onsdagar frå kl 1900 (om ikkje annan beskjed er gitt), kaffi-/tepause imellom.

| Konto        | Konto T                                             | Belo       | Buds•ett    | Avvik       |
|--------------|-----------------------------------------------------|------------|-------------|-------------|
|              | UTGIFTER                                            |            |             |             |
| 11101        | Konfirmantar, fest, mat 01                          | 0,00       | 3 000,00    | 3 000,00    |
| 11102        | K rKemusikalsk arbeid ved kontor                    | 22 759,03  | 30 000,00   | 7 240,97    |
| 11106        | Barne- o un domsarbeid ikk'e truso lerin            | 7 965,00   | 10 000,00   | 2 035,00    |
| 11107        | Lokale diakonale tiltak                             | 3 286,20   | 10 000,00   | 6 713,80    |
| 11201        | Velferdstiltak, àver ol                             | 3 747,00   | 1 000,00    | -2 747,00   |
| 11202        | Mat, serverin sut ifter, k rKekaffi ol              | 24 802,20  | 20 000,00   | -4 802,20   |
| 11207        | Diverse andre ut ifter                              | 214,00     | 2 000,00    | 1 786,00    |
| 11301        | Geb r bank                                          | 6 080,84   | 6 000,00    | -80,84      |
| 11400        | Annonser                                            | 4 128,00   | 1 000,00    | -3 128,00   |
| 11500        | Kurs, Da net ol                                     | 0,00       | 20 000,00   | 20 000,00   |
| 11501        | Arran ementsut ifter                                | 43         | 20 000,00   | -23 103,20  |
| 12000        | Innbu, utst r, baker                                | 6 988,00   | 4 000,00    | -2 988,00   |
| 12001        | Kontorinventar o -utst r                            | 0,00       | 110 000,00  | 110 000,00  |
| 14401        | Overfarin truso lerin / diakon/ ei enbet til FR     | 31 167,00  | 25 000,00   | -6 167,00   |
| 14650        | Takkeoffer til eksterne or anisas•onar              | 67 486,00  | 70 000,00   | 2 514,00    |
| 14651        | Offer/ innsamlin til fasteaks•onen                  | 14 410,00  | 30 000,00   | 15 590,00   |
| 14652        | Mis•ons ros•ektet                                   | 30 476,00  | 40 000,00   | 9 524,00    |
| 14653        | Basarut ifter, innsamlin sut ifter                  | 2 750,16   | 6 000,00    | 3 249,84    |
| 14700        | Tilskot/ àver til andre rivate/ la o or anisas•onar | 5 000,00   | 0,00        | -5 000,00   |
| 15400        | Avsetnin til ubundne fond overskot fores à neste ar | 6 755,68   | 6 755,68    | 0,00        |
| 15503        | Avsetnin til andre bundne fond                      | 28 907,72  | 0,00        | -28 907,72  |
| 15800        | Rekneska smessi overskot                            | 183 611,88 | 0,00        | -183 611,88 |
|              | INNTEKTER                                           |            |             |             |
| 16200        | Arran ementinntekter                                | -61 659,24 | -30 000,00  | 31 659,24   |
| 16201        | Inntekt basar                                       | -99 336,26 | -110 000,00 | -10 663,74  |
| 18600        | Takkeoffer til k rKel dsarbeidet                    | -96 550,75 | -50 000,00  | 46 550,75   |
| 18601        | Takkeoffer til diakonarbeidet                       | -7 900,00  | -15 000,00  | -7 100,00   |
| 18602        | Takkeoffer til truso lerin a                        | -19 813,37 | -10 000,00  | 9 813,37    |
| 18604        | Takkeoffer til k rCemusikals arbeid                 | -15 921,00 | -20 000,00  | -4 079,00   |
| 18606        | Takkeoffer til barne- o un domsarbeid               | -40 288,86 | -10 000,00  | 30 288,86   |
| 18650        | Takkeoffer til eksterne or anisas•onar              | -67 818,75 | -70 000,00  | -2 181,25   |
| <u>18651</u> | Takkeoffer/ innsamlin fasteaks•onen                 | -21 337,00 | -30 000100  | -8 663,00   |

|       |                                       |            |            |            |
|-------|---------------------------------------|------------|------------|------------|
| 18652 | Takkeofferl innsamlin mis•ons ros•ekt | -30 915,00 | -40 000,00 | -9 085,00  |
| 18700 | Tilskot/ àver frå andre               | 0,00       | -10 000,00 | -10 000,00 |
| 19000 | Renteinntekter                        | -25 342,00 | -13 000,00 | 12 342,00  |
| 19300 | Bruk av tidl.års rekn.messig overskot | -6 755,68  | -6 755,68  | 0,00       |
|       |                                       | 4,00       | -0,00      | 0,00       |

## Årsrekneskap 2024

Nysæter sokn si rekneskapsføring vert handtert av Stord kommune som ein del av tenesteytingsavtalen med Stord kyrkjelege fellesråd. Soknerådet har motteke endeleg årsrekneskap per 31.12.2024 den 21.februar 2025 og ventar på revisorfråsegn.

Soknet ser noko auke i takkoffer-inntekter frå 2023, men er framleis under nivået i 2019 (før koronapandemien). Økonomien i soknet gjekk i 2024 i pluss pga. mindre kostnader og høgare inntekter enn budsjettert.

Nokre fleire kommentarar om rekneskapstala for 2024:

- Inntektene frå gåver og innsamla midlar var kr. 300 545,-. Inkludert i dette er innsamling til misjonsprosjektet (30 915) og innsamling til fasteaksjonen (21 337) Totalt er dette kr. 72 763 meir enn det var i 2023.
- Inntektene frå basaren var kr. 99 336,- Basaren blir ikkje arrangert kvart år. Inntektene frå basaren er øyremerkta midlar og vart ikkje brukt i 2024.
- Nysæter sokn hadde i 2024 eit mindreforbruk (overskot) på kr. 183 612,-.
- **Nysæter sokn har ein eigenkapital på kr 578 608,- per utgangen av året.**

## Annan informasjon .

Som del av årsmeldinga vil Nysæter sokn òg informera om:

*A) Den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnsfordelinga i styrande organ.*

Valgordninga i Den norske kyrkja inneber at kjønnsfordelinga vert avgjort gjennom direkte valg kvart fjerde år, sist i 2023. Det er krav om 40 % representasjon av begge kjønn ved listene til valg av sokneråd. I tillegg er soknepresten fast medlem i rådet.

Nysæter sokneråd har i inneverande periode 3 kvinner og 3 menn blant dei faste medlemene, dvs 50 % menn og 50 % kvinner

*B) Eventuelle likestillingstiltak som er iverksett og/eller planlagt iverksett for å fremja likestilling uavhengig av kjønn.*

Arbeidet med førebuing av kandidatliste til soknerådsvalet i 2027 er ikkje starta opp enno.

*C) Eventuelle avgrensingar vedr tilgang til egne aktivitetar, styrande organ, verv eller stillingar som har samanheng med eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag.*

Det er ikkje utøvd avgrensingar til råd, utval eller frivillige tenester i soknet med bakgrunn i diskrimineringsgrunnlag.

*D) Eventuelle segregerte aktivitetar eller tilbod.*

Det har ikkje vore gjennomført aktivitetar i regi av soknet i 2024 som har vore avgrensa til eitt kjønn eller utelukka deltakarar på anna diskrimineringsgrunnlag.